

Bakgrunn for plan- og utgreiingsprogram for Haugaland Industrikraft

Haugalandet er ein av dei viktigaste industriregionane i Europa. Industrien på Haugalandet skapar store eksportinntekter for Noreg og bidrar til å sikre Europa strategiske material. Tilgong på fornybar kraft er ein av dei viktigaste føresetnadene for at vi kan ta vare på og utvikle industrien på Haugalandet. Den kraftforedlande industrien i Noreg eksporterer for 189 milliardar kroner og er ein av dei største eksportnæringane i Noreg etter olje og gass.

Hydro er eit leiande aluminium- og energiselskap som sidan 1905 har tatt i bruk fornybar kraft til å skape verdifulle produkt og industriutvikling for menneske, lokalsamfunn og verksemder over heile verda, også på Haugalandet. For Hydro er tilgongen til fornybar kraft til konkurransedyktige prisar den viktigaste føresetnaden for at vi kan halde fram med å investere og satse på dei norske aluminiumsverka våre. Kraft utgjer typisk rundt ein tredel av kostnaden ved å produsere aluminium, og tilgongen til fornybar energi er det viktigaste fortrinnet for industrien i Noreg. Forutsigbar tilgong til konkurransedyktig fornybar kraft er avgjerande for investeringar i aluminiumsindustrien.

Noreg vil ikkje gå «tom» for kraft. Gjennom kraftkablar til andre land vil vi alltid kunne importere kraft i tørre år. Utfordringa for industrien er at kraftprisane vert for høge. Derfor ynskjer Hydro å utvikle meir kraft for å bidra til å dekkje eige forbruk, men også leggje til rette for andre industriaktørar i regionen. Det er eit kjenneteikn ved den norske industrimodellen at kraft og industri vert bygd saman.

Vidare prosess for planforslaget

I januar 2026 sendte Hydro inn eit planinitiativ for å kunne starte prosessen med å vurdere eit vindkraftverk i Vindafjord kommune. I tillegg vart det arrangert nabokveld i Ølen for å orientere om planane. I februar vart det gjennomført oppstartsmøte med kommunen, og no sender vi inn kombinert melding til NVE og forslag til plan- og utgreiingsprogram, som er det første steget i konsesjonsprosessen.

I meldinga skildrar vi planområdet og området rundt, og gir ei førebels vurdering av moglege verknader av prosjektet, samt korleis vi vil gå fram for å få på plass meir kunnskap. I arbeidet med å utvikle meldinga og programmet har vi hatt dialog med fleire lokale interessentar og arrangert open kontordag. Vi er takknemlege for gode innspel frå folk som kjenner området godt frå før. Dette har vore nyttig for oss og har mellom anna auka vår forståing for området i dag, samt kva type informasjon folk har behov for. Mykje arbeid gjenstår som del av ei eventuell konsekvensutgreiing.

I oppstartsmøtet med Vindafjord kommune blei Hydro oppfordra til å setje planavgrensinga mest mogleg realistisk, men med utgangspunkt i å unngå ei seinare utviding av planområdet, som vil medføre ytterlegare varsling. I tillegg hadde NVE innspel på atkomstvegen og risiko for naturfare (ras, skred, flom). Derfor ynskjer Hydro å utgreiie ytterlegare alternativ for atkomstveg, for å sikre eit tilstrekkeleg godt kunnskapsgrunnlag for å kunne velgje den mest eigna traseen. I tillegg er planavgrensinga for sjølve vindkraftverket utvida på enkelte område for å sikre at tilstrekkeleg areal er med i utgreiinga. Det endelege planområdet, inkludert atkomstveg og

netttilknytning, vil vere basert på resultat og funn frå utgreiinga og bli utforma i dialog med lokalsamfunnet. Til slutt skal områdereguleringa vedtas av kommunen.

NVE og kommunen vil gå gjennom meldinga med plan- og utgreiingsprogram, før det eventuelt blir høyring av forslaget. Høyringsfristen er på minimum 6 veker. Vindafjord kommune har god og oppdatert informasjon om prosessen på nettsidene sine, som vi oppmodar folk til å følgje med på. Hydro har også ei eiga nettside om Haugaland Industrikraft der alle kan finne relevante dokument og oppdatert status: [Haugaland Industrikraft | Hydro](#).

Som del av høyringa vil NVE også sannsynligvis gjennomføre ei synfaring av området samt eit folkemøte. Det vil kome meir informasjon om tid og stad når det er klart. Etter høyringa vert naudsynte tilpassingar og endringar av programmet gjort før kommunen, i samarbeid med NVE, kan velje å fastsette eit endeleg program. Dette skjer gjennom politisk behandling i kommunen, og først etter den politiske behandlinga vil utgreiingane eventuelt kunne starte. Hydro reknar med å bruke store delar av 2027 på sjølve utgreiingsarbeidet, dersom kommunen godkjenner planprogrammet. Også etter at utgreiingane er gjennomførte vil eventuell vidare framdrift i prosjektet vere opp til kommunen. Kommunen skal både ta stilling til om konkret plan for områderegulering skal sendast på høyring, og deretter eventuelt gjere planvedtak som avgjer om vindkraftverket kan byggjast eller ikkje. Dersom kommunen gjer planvedtak, kan NVE vurdere om vindkraftverket kan få konsesjon.

Vi har stor forståing for at planar om vindkraft kan vere krevjande for eit lokalsamfunn. Det er avgjerande for Hydro å skaffe meir kunnskap, ha tett samarbeid og god dialog med dei som vert påverka. Målet med meldinga og plan- og utgreiingsprogrammet er at vi i første omgang får fakta, kunnskap og dilemma på bordet.

Om forslagsstillar

Forslagsstillar er Norsk Hydro, gjennom den 100 % Hydro-eigde juridiske eininga Hydro Renewables Holding AS. Hydro Renewables Holding AS er heileigd av Hydro Energi, slik også vasskraftverka som Hydro eig og som gir kraft til aluminiumsverka våre er. Vi ynskjer å utvikle Haugaland industrikraft for å sikre kraft til industri- og næringsutvikling på Haugalandet i åra som kjem.

På vegne av prosjektet,

Prosjektleder
Erika Vartdal